

Årsmelding Myrkdalens Grendalag 2015/2016.

Styret i år har vore:

Ole Kristian Årmot leiar, på val
Stig Erlend Jordalen kasserar
Anne Lise B.Ulvund skrivrar, på val
Heine Berland styremedlem
Katrine Hauso styremedlem

Vara: Kristian Backer og Kåre Ulvund

Revisor: Gudmund Furu

Valnemd: ..

Aktivitetar.

Det har vore auka aktivitet i laget dette året.

Årsmøte 28/5-15, styremøte 15/6, 13/9, 5/10, 27/1, 17/3.

Stolstur til Mørkvestølen 10/10, med Knut Kn.Mørkve som kjentmann/forteljar. Været var ikkje på topp, men ca.30 personar var med på turen og kosa seg med grilling på stolen.

Innsamlingsaksjon for regnskogen i Amazonas 18/10-15.Grendalaget var også i år med på bøssebering p til TV aksjonen. Resultat ?

Allmøte i ungdomshuset om skulesaka 19/11-15.

Grendalaget ynskjer å slå eit slag for skulen, og kalla inn til møte i grenda. Gudmund Furu orienterte litt om stoda. Det vart stilt mange spørsmål om den økonomiske situasjonen for bygget. Faste utgifter/reparasjonar/vedlikehald/ vidare drift? Er det aktuelt å danna eit lutlag? Det er nokre som har sagt seg interesserte i å vera med i ei gruppe som skal jobba vidare med saka. Fyrst prøva å få ei oversikt over stoda på huset, og prisoverslag på reparasjonar. Ca.40 personar var på møtet.

Quiz kveldar. Det har vore to quiz kveldar i vinter, 9/2 og 10/3-16. Ca. 20 personar/ 4-5 lag var med. Kjekke kveldar, og me fekk skryt for gode spørsmål!

Stolstrim boksane i 2015. Friluftslivets år.

Me hadde ute 7 bokser. Besøkstala i parantes.

Blæggja(31) Såta (16) Gråsteinane (25) Oterheim (32) Mørkvestølen (39) Presthaugen (37) Strandalia (21)

Det var 7 stk som gjekk alle turane. Det var utdeling av premiar på allmøtet. Dei 7 som gjekk alle turane + 1 uttrekt frå kva turbok fekk kvar sitt par ullsokkar!

Grendalaget saman med ungdomslaget arrangerte skidag i gammaldags "skuleskirenn" stil, på bakkane til Jorunn, 2/4-16. Bra deltaking i det heller därlege været. Det var langrenn / kjerringaren / orgeltramp og hopp for store og små. God stemning. Grilling og utdeling av diplom og sjokolademedaljer!